

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Stryn kommune

Utval: Kontrollutval - Stryn kommune  
Møtedato: 17.06.2013  
Møtetid: 13.00  
Stad: Møterommet – 3108  
Møtenr.: 2/2013  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, Rådmann (sak 12/13).  
Melding til: Ordfører(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

### SAKLISTE

010/13 Godkjenning innkalling og sakliste.  
011/13: Skriv og meldingar.  
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Stryn kommune. **(Vert ettersendt).**  
013/13: Kontrollutvalsleiar orienterer - Prosessen rundt budsjett 2012.  
014/13: Oppfølgingsliste 2-2013 – Stryn.  
015/13: Eventuelt.

Stryn 14.06.2013

Rune Myklebust (s)  
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06..2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.06.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 011/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.06.2013	011/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 05-13: Revisjonsmelding om årsrekneskapen 2012.
- SM 06-13: Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stryn kommune.
- SM 07-13: Brev frå Stryn kommune om kontrollutvalet i Stryn – spørsmål om suppleringsval.
- SM 08-13: Vedtak kst sak 011/13 Årsrapport kontrollutvalet.
- SM 09-13: Vedtak kst sak 001/13 Referatsaker.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til  
Kommunestyret i Stryn kommune

Kopi til:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen  
Økonomisjefen

## Revisjonsmelding om årsrekneskapen 2012

I forskrift om revisjon i kommunane er bestemt i § 5:

«Revisor skal avgi revisjonsberetning utan unødig opphold etter at årsregnskapet er avlagt og senest 15. april. Revisjonsberetning skal avgis også der årsregnskap ikke foreligger eller er ufullstendig.»

Vi vil med dette opplyse om at då det per dato ikkje er avlagt årsrekneskap og årsmelding, er vi ikkje i stand til å kunne utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt tilbake når årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram og vi har fått tid til å gjennomføre dei revisjonshandlingar vi finn nødvendige for å bekrefte årsrekneskapen.

Dato, den 16. april 2013

  
Markvard Sundé  
Revisjonssjef

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måloy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
------------------------	---	---	---	--



Kommunestyret i Stryn kommune  
Tonningsgt 4  
6783 Stryn

## Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stryn kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

## 2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

### 2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Stryn kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 697 733 048 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 12 916 667, av dette krav stilla på vent kr 318 803. Skatterekneskapen er datert av kommunen sin skatteoppkrevjar pr. 20. januar 2013 og motteken pr. e-post 4. februar 2013.

### 2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Stryn kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	13,4	98,52	91,50	97,45	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	130,4	99,74	99,80	99,62	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	41,4	98,96	98,00	98,74	99,22
Forskotstrekk 2011	325,9	99,91	99,90	99,96	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	44,0	100,00	99,80	99,50	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	12,8	97,83	98,00	95,39	98,41

### 2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande<sup>3</sup>:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
457	23	13	3,0%	4,9%	3,7%	4,3%

### 2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
2,6	2,6	2,5

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

<sup>3</sup> Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



### 3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 23. august 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådingar som er gjevne.

### 4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Skattekontoret vil presisere at det er gjennomført ein utvida kontorkontroll på innkrevjingsområdet. Resultatet av denne er meddelt skatteoppkrevjar på e-post 21. september 2012 med svarfrist 15. oktober 2012. Trass purringar på e-post 25. oktober 2012 og 26. november 2012 samt pr telefon 30. oktober 2012, er det pr. 5. februar 2013 ikkje motteke svar på den gjennomførte kontorkontrollen.

Det vert teke atterhald om at skatteoppkrevjar sitt svar på gjennomført utvida kontorkontroll kunne ha ført til endring i konklusjonen ovanfor.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 3 % kontrollar mot et krav på 5 %.





## 5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 5. september 2012.

Venleg helsing

*for*   
Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektor  
Skatt vest

  
Jan Kåre Strøm  
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Stryn kommune
- Skatteoppkrevjaren for Stryn kommune
- Riksrevisjonen



SEKOM - sekretariat  
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.  
11/1079-13/K1-033//ANH

Dykkar ref.

Dato:  
04.02.2013

### **Kontrollutvalet i Stryn - spørsmål om suppleringsval**

Eg viser til e-posten dykkar dat. 17.01.13 der kommunen vart bedd om å vurdere om det bør veljast ny varamedlem til kontrollutvalet i staden for Terje Solvang.

Terje Solvang er 1. varamedlem for Ap i kontrollutvalet. Det er også valt ein 2. varamedlem.

Terje Solvang er tilsett som ekstrahjelp i Stryn kommune innanfor arbeidsfeltet vedlikehald/vaktmeisterteneste. Arbeidsavtala gjeld til 31.10.2013.

Vår vurdering er at så lenge Solvang har ei kortvarig og tidsavgrensa arbeidsavtale, så er det ikkje rett å føreta nyval. I denne tidsperioden må Solvang kunne melde forfalle til kontrollutvalsmøta, slik at 2. varamedlem kan bli innkalla. Etter det vi ser av kontrollutvalet sin møteplan, så vil dette gjelde 3 møte.

Dersom Terje Solvang vert fast tilsett i Stryn kommune når gjeldande arbeidsavtale går ut, så vil det sjølvsagt bli vald ny varamedlem til kontrollutvalet i hans stad.

Med helsing

  
PerKristian Storevik  
Rådmann

  
Anders Heggdal  
kontorsjef

Kopi til: Terje Solvang og Rune Myklebust.

Postadresse/besøksadresse:  
Tonninggata 4  
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493



# STRYN KOMMUNE

## MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
KS 011/13	Kommunestyret	25.02.2013

Avgjerd av: Kommunestyret  
Sakshandsamar: Asgeir Tveit

Ref: 12/39 -23

Ark. 033

### Årsrapport Kontrollutvalet

#### Presentasjon:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet vert lagd fram for handsaming.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

#### Aktuelt sakstilfang:

#### Vedlagt saka:

- Utskrift av kontrollutvalet si møtebok, sak 007/13.

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet vert godkjent.

#### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Stryn vert godkjent.

### Handsaming i Kommunestyret 25.02.2013.

#### KS-011/13 Vedtak:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

---

**Sign.**

Per Kristian Storevik  
- sekr.-

**Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:**  
SEKOM-sekretariatet v/Vidare Øvarebø, p.b. 338, 6802 Førde  
Kontrollutvalet v/Rune Myklebust, 6791 Oldedalen.



## STRYN KOMMUNE

## MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
KS 001/13	Kommunestyret	25.02.2013

Ref: -1 Ark. -

## Referatsaker

*RS-001/13 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.  
Sak 005/13 frå Kontrollutvalet dat. 16.01.2013*

### Spørjetime.

*Før møtet vart formelt sett, vart det opna for spørjetime:*

*Jan Træen ynskte ei orientering om kommunens planar for handteringa av prioriteringa av fylkesvegsaker.*

*Ordføraren viste til formannskapshandsaming av dette den 20.03.2013. Høyringsfristen er 12.04.2013. Denne vil kommunen få forsøkt utsett slik at saka kjem til handsaming i ordinært kommunestyremøte den 17.04.2013. Dersom utsetting ikkje er mogleg, vil det bli teke sikte på eit ekstraordinært kommunestyremøte om denne saka før høyringsfristen.*

*Anders Magne Vik stilte spørsmål om det kunne vere mogleg med nyorientering i høve til sjukeheimsutbygginga sett i lys av endra kommunikasjonar og ut frå eit mål om samling av omsorgstenestene kring eitt omsorgssenter. Sistnemnde føreset også lokalisering ein annan stad ut frå plassomsyn.*

*Ordføraren viste til den lange prosessen som har pågått i denne saka og viste til at det vil vere opp til kommunestyret å avgjere dette med endeleg verknad den 27.06.2013 når saka kjem til handsaming.*

*Kolbjørn Roset viste til endra praksis der frivillege utkøyrarar av mat frå omsorgssentra ikkje lenger får kjøregodtgjersle heimanfrå.*

*Rådmannen viste til at praksis på dette området ikkje er endra, så dei frivillege får framleis køyregodtgjersle heimanfrå. Tilsette som også køyrer ut mat får derimot godtgjersle frå arbeidsstaden.*

**KS-001/13 Vedtak:**

Referatsakene vert teke til vitande

---

Sign:

Per Kristian Storevik  
- Sekr. -

## 012/13 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 14.06.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.06.2013	012/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Stryn kommune.
- Rekneskap 2012. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).
- Revisjonsmelding, datert 14.06.2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Stryn kommune, datert 17.06.2013.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2012 - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Stryn kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Kommunestyret i Stryn

Stryn 17.06.2013

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR STRYN KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Stryn kommune er handsama i kontrollutvalet i Stryn 17.06.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 14.06.2013.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 25,1 millionar, og eit netto driftsresultat kr. 21,7 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 16,7 millionar.

Det er kommunestyret som gjer vedtak om disponering av resultatet.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 485,7 millionar. Rekneskapen viser kr. 502,3 millionar. Det er særleg posten "Overføringar med krav til motytingar" som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 477,3 millionar. Rekneskapen viser kr. 477,2 millionar.

Revidert budsjett for resultat eksterne finanstransaksjonar var kr -19,6 millionar. Rekneskapen viser kr. -19,6 millionar.

Netto driftsresultat er kr. 18,8 mill. betre enn budsjettert.

Alle ansvarsområde har mindreforbruk i høve til budsjett. Det vert vist til side 22 i årsmeldinga.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekket beløp på kr. 30,1 mill. Akkumulert udekket beløp i investeringsrekneskapen utgjør pr. 31.12.2012 kr. 64,8 mill. I note 18 til rekneskapen går det fram at beløpa må dekkast inn i 2013, og at det vil bli lagt fram eiga sak for kommunestyret for prosjekt med overskriding av kostnadsråma og/eller manglande finansiering. Stryn kommune hadde tilsvarande kommentarar i note 18 både i rekneskapen for 2010 og 2011. Det kan derfor sjå ut som at slik sak som nemnt ikkje er lagt fram for kommunestyret.

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Kontrollutvalet gav i 2010 tilråding til kommunestyret om at sluttrekneskapar etter investeringsprosjekt skal leggjast fram for kontrollutvalet til uttale før vidare handsaming i formannskap og kommunestyre. Kommunestyret har gjort vedtak om at administrasjonen skal førebu sak til kommunestyret om dette. Det er ikkje registrert av kontrollutvalet at slik sak har vore til handsaming i kommunestyret. Kontrollutvalet vil følge dette opp.

Kommunen si konserninterne langsiktige gjeld er redusert frå kr. 327 millionar til kr. 325 millionar. Kontrollutvalet er uroa over den høge gjelda til kommunen, som vil medføre vesentleg auke i finanskostnader ved renteauke. Revisor har i revisjonsmeldinga merknad om at det er betalt avdrag på eksterne lån med kr. 15,2 millionar mot budsjettert kr. 11,7 millionar.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Arbeidskapitalen er positiv. Jfr. Balansen og Note 1 til rekneskapen.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga datert 14.06.2013 som erstattar revisjonsmelding av 16.04.2013. Revisor har i revisjonsmeldinga merknad til at rekneskapen er avlagt for seint. Fristen for levering av rekneskapen er 15. februar og fristen for å skrive revisjonsmelding er 15. april. Kommunerevisjonen i Nordfjord har i samsvar med forskrifta den 16.04.2012 lagt fram revisjonsmelding der det går fram at årsrekneskapen ikkje er lagt fram til rett tid.

Kontrollutvalet meiner at arbeidet med rekneskapsavslutninga for komande år må planleggjast slik at Stryn kommune held desse fristane. Kontrollutvalet hadde tilsvarande merknad i si fråsegn til årsrekneskapen for 2010 og 2011. Kontrollutvalet vil ha tett oppfølging på dette i samband med årsrekneskapen for 2013.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Stryn kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Rune Myklebust  
-leiar-

Rasmus Guddal

Oddvar Bergset

Otto Rune Vik

Aud Jorunn Hool Egge

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til  
Kommunestyret i Stryn kommune

Kopi til:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen  
Økonomisjefen

## Revisjonsmelding 2012

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2012 for Stryn kommune, som er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser kr 349 610 394,39 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 16 655 452,05.

### Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

### Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26
E-postadresse: revisor@stryn.kommune.no	SELJE STRYN VÅGSØY	Tonningsgata 4 Postboks 294	6783 Stryn 6701 Måløy	57 87 48 18 -19 57 84 50 29

## KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

### **Uttale om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.


#### *Andre forhold*

- Denne meldinga erstattar melding datert 16.04. d.å., som vart skrive då fristen for å avlegge revisjonsmelding gjekk ut (15.04.). Fullstendig årsrekneskap var då ikkje lagt fram, og årsmelding var ikkje utarbeidd.
- Det er betalt avdrag på eksterne lån med kr 15,2 mill mot budsjettert 11,7 mill.

For desse andre forhold viser vi elles til årsmeldinga frå rådmannen.

Stryn, 14.06.2013

  
Markvard Sunde  
Revisjanssjef

  
Haldor Sunde  
Revisor

## 013/13 ORIENTERING FRÅ KONTROLLUTVALSLEIAR OM PROSESSEN RUNDT BUDSJETT 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveti. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.06.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Notat med spørsmål budsjettprosess/budsjettmøte Stryn kommune 2012.
- E-post frå rådmannen datert 25.04.2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 003/12 "Kontrollutvalsarbeid tiltak"

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

## **ORIENTERING FRÅ KONTROLLUTVALSLEIAR OM PROSESSEN RUNDT BUDSJETT 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmann og ordførar orienterer om prosessen rundt budsjett 2012.

### **Saksopplysningar:**

Slutten av budsjettprosessen for 2012 for Stryn kommune vart, etter det kontrollutvalet kjenner til, av mange opplevd som uoversiktleg og vanskeleg. På grunnlag av dette tok kontrollutvalet opp sak i kontrollutvalsmøte 16.01.2013 der rådmannen orienterte. I orienteringa kom følgjande i stikkordsform fram:

- *To hovudprinsipp for budsjettprosessen*
  1.
    - *Rådmannen si tilråding*
    - *Sektorutval*
    - *Formannskap*
    - *Kommunestyre*
  2. *Konsekvensjustert budsjett – legg til nye element og trekkjer frå det som ikkje er relevant.*
    - *I formannskapet ulitmo september – 14 mill*
    - *I formannskap etter Statsbudsjett, nye element, oktober – 18 mill*
    - *Sektorutval – 6 mill*
    - *Formannskapet – 11 mill*
    - *Fellesrådet (Kom inn seint).*
    - *Etterpå formannskapet og kommunestyret.*

*Dette er ein meir omfattande prosess, men også meir politisk enn alternativ 1. Tidspress og lite tid i enkelte prosessar. Vanskelegare når det handlar om underskot enn når det handlar om overskot.*

*Også eit spørsmål om kor komprimert budsjettet skal vere. Eit detaljert budsjett gjev meir informasjon, men vert mindre oversiktleg. Budsjettet kan skrivast ut på fleire ulike nivå.*

*Korleis prosessen skal vere vert diskutert med politikarane (formannskapet) kvart år. Dei føretrekk alternativ 2 som vekslar mellom politisk og administrativ handsaming.*

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 03/13 den 16.01.2013.

- *Kontrollutvalsleiar og sekretariat får i oppgåve å utarbeide eit notat om budsjettprosessen vedrørande tidsplan for prosessen og presentasjon av budsjettet.*
- *Notatet vert lagt fram for rådmannen og ordførar.*
- *Kontrollutvalet kallar rådmannen og ordførar inn til neste møte i kontrollutvalet.*

Kontrollutvalsleiar har seinare orientert sekretariatet for kontrollutvalet at han sjølv vil orientere i denne saka.

## Spørsmål Budsjettprosess/ budsjettmøte Stryn Kommune 2012.

Mange opplevde slutten av prosessen og særleg budsjettmøte onsdag 19. desember som uoversiktleg og vanskeleg. Kanskje er det slik at all relevant informasjon låg tilgjengeleg.

Ein kan nok likevel stille spørsmål om det i år vart for vanskeleg for den vanlege kommunestyremedlem å holde seg orientert. Ein har ikkje lenger Budsjett / Økonomiplan i papirversjon utdelt - få skriv den ut – vanskelegare då å skaffe seg god nok oversikt.

Sjølv om det no vart vanskeleg, skal ein kunne forvente at medlemane av Kommunestyret sette av nok tid til å skaffe seg god oversikt?

Er det innsparing/ kostnadsjakt som er årsak til at det i år vart vanskeleg?

Nokre andre problemstillingar:

Budsjett 2013 – økonomiplan 2013 – 2016 utsendt e-post fredag 14. desember kl 15.15  
- her var det 221 sider – kort tid på dels tungt og vanskeleg stoff.

Kyrkjeleg Fellesråd opplevde og dårleg tid og tungt for å følgje tråden

-kort tid på sitt siste innsparingskrav på 200 000.

Tidspress førde til at sak med budsjettverknad måtte behandlast i Formannskap same dag.

Tidspress på sjølve budsjettmøte.

Medlemmar av Teknisk Utval og Formannskap virka ikkje å vere kjend med at denne sektor sitt innsparingskrav skulle gjerast administrativt.

Ved endeleg avrøysting var sjølv Formannskapsmedlemmar usikre på om ulike tiltak verkeleg var med i budsjettvedtaket.

## Tveit Asgeir

---

**Fra:** Per Kristian Storevik <per.kristian.storevik@stryn.kommune.no>  
**Sendt:** 25. april 2013 12:23  
**Til:** Tveit Asgeir; Sven Flo  
**Kopi:** 'Rune Myklebust (runeegil@online.no)'; Markvard Sunde  
**Emne:** SV: Orientering budsjettprosessen 2012 - kontrollutvalsmøte 06.05.2013

Underskrivne har tidlegare vore i kontrollutvalet for å orientere om budsjettprosessen hausten 2012, men eg skal nedanfor gje svar på dei spørsmåla som vert stilte i vedlegget til e-posten nedanfor.

Det er – sett frå min ståstad – litt vanskeleg å seie kva som kan forventast av det einskilde kommunestyremedlem, men det vart nok hausten 2012 vanskelegare enn vanleg. Årsaka til dette ligg heilt klårt i vanskane med å oppnå budsjettbalanse – noko vi heller ikkje gjorde for åra 2014 – 2016. Når til dels store innsparingar skal skisserast og konsekvensjusterast krevst det stor arbeidsinnsats, for vi ynskjer å gjere desse vurderingane så gode som mogleg. I tillegg var det ulike politiske syn på korleis innsparingane skulle fordelast.

Som eg sa i tidlegare møte i kontrollutvalet om same tema, vart budsjettprosessen skissert i formannskapet i ein tidleg fase. Dette skjedde allereie i budsjetttrundskrivet i juni -12 og drøfta i formannskapet etter ferien. Det var såleis semje om korleis prosessen skulle vere. Som nemnt ovanfor, viste det seg at økonomiutfordringane vart langt større enn forventa, og dermed vart det knapt med tid på å gjere dei vurderingane som måtte gjerast. Konsekvensvurderingane av budsjettkutt vart mange og omfattande, og eg seier meg heilt samd i at 221 sider med tungt stoff ikkje er spesielt pedagogisk i høve til lesarane og dei som skal ta avgjerder. Dette må vi ta lærdom av for ettertida.

Prosessen komande haust vil bli teken opp i formannskapet tidlegast mogleg etter ferien slik at naudsynte prosesskorrigeringar kan innarbeidast.

Med helsing

Per Kristian Storevik  
Rådmann Stryn kommune  
Tlf. 57874700 / 57874711  
Mob. 915 85 232  
E-post: [per.kristian.storevik@stryn.kommune.no](mailto:per.kristian.storevik@stryn.kommune.no)

---

**Fra:** Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]  
**Sendt:** 25. april 2013 09:54  
**Til:** Sven Flo; Per Kristian Storevik  
**Kopi:** 'Rune Myklebust ([runeegil@online.no](mailto:runeegil@online.no))'; Markvard Sunde  
**Emne:** Orientering budsjettprosessen 2012 - kontrollutvalsmøte 06.05.2013

Vedlagt følgjer notat med spørsmål rundt budsjettprosessen 2012 for Stryn kommune.

Kontrollutvalet vedtok i kontrollutvalsmøte 16.01.2013 å leggje eit slikt notat fram for rådmann og ordførar.

Det vart også vedteke å kalle inn rådmann og ordførar til kontrollutvalsmøte 06.05.2013 for å diskutere budsjettprosessen.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: [asgeir.tveit@sekom.no](mailto:asgeir.tveit@sekom.no)

Heimeside: [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

## 014/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - STRYN

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 07.06.2013

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutval	12.06.2013	014/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### **Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 2-2013 Stryn.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Oppfølgingsliste 2-2013 - Stryn vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - STRYN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

**Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 26.04.2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 2-2013 - Stryn.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.</li> <li>- Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding.</li> <li>- Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding.</li> <li>- Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortløupande.</li> <li>- Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.</li> </ul>
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune.  <b>Vurdere om denne skal oppfølgjast i 2013</b>
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. 15.06.12 – Brev til kommunen.
031/12 Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Administrasjonen vil rapportere til KU i løpet av første halvår 2013 om kva utvikling ein får med uteståande krav på NAV.
033/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: -Tingingsdokumentet med avgrensingar for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering. 08.12.12 Tinging sendt til KIN
001/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: - Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
002/13 Skriv og meldingar.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
003/13 Orientering om budsjettprosessen – budsjett 2013.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalsleiar og sekretariat får i oppgåve å utarbeide eit notat om budsjettprosessen vedrørende tidsplan for prosessen og presentasjon av budsjettet. - Notatet vert lagt fram for rådmannen og

			ordfører. - Kontrollutvalet kallar rådmannen og ordfører inn til neste møte i kontrollutvalet.
004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune – Prosjektplan.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: - Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn." vert godkjent.
005/13 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering. 29.01.13 s. kst 25.02.13 Veddtak kst sak 001/13 Re3feratsaker.
006/13 Møteplan for kontrollutvalet i Stryn 2013.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2013 vert godkjent.
007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Stryn.	23.01.13		23.01.13 Tilråding til kst: 29.01.13 s/ kst. 25.02.13 vedtak kst sak 011/13 Årsrapport kontrollutvalet.
008/13 Oppfølgingsliste 1- 2013 Stryn.	23.01.13		23.01.13 Oppfølgingsliste 1-2013- Stryn vert teken til vitande.
009/13 Eventuelt.	23.01.13		23.01.13: Det vart ikkje teke opp saker.

Oppdatert 07.06.2013.

## 015/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.06.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.